

VEDLEGG 1. KRAV TIL AVKJØRSLE

Det er §§ 40 – 43 i Veglova samt forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905 som gjev lovheimel for at vegmyndigheita kan sette krav til utforming, bygging og vedlikehald av avkjørsler. Når det skal byggast ein avkjørsel frå ein kommunal veg, er det viktig at denne vert bygd slik at trafikktryggleiken for alle som ferdes langs vegen vert ivareteken. All tilpassing til kommunal veg og fortau skal gjerast på eigen eigedom. Tilpassinga skal gjerast slik at vegens tekniske standard og funksjon vert oppretthalden og slik at avkjørsla i sin heilskap vert tilpassa hovudvegen sin lengdeprofil og tverrprofil. På bakgrunn av dette, vert det stilt krav til drenering, fri sikt, svingeradius og lengdeprofil når det skal byggast nye avkjørsler.


DRENERING

Avkjørsla skal byggast slik at overvatn frå avkjørsla ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må også byggjast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkjørsla. Viss avkjørsla avskjerer open grøft skal det leggjast godkjente avløpsrør med minimum 200 mm i indre diameter. Avløpsrør skal leggjast slik at veggrøftas funksjon oppretthaldast. Grøftevatn skal ha fritt løp inn og ut av røret.

FRI SIKT

Det skal være uhindra sikt i eit område langs den kommunale vegen på kvar side av avkjørsla. Størrelsen på området skal bestemmast ved konstruksjon av sikttrekant. Dette er vist på Fig. 1. **Frisiktområdet skal være fri for sikthindringar høgare enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå.**

Tilsvarende siktlengde som vist i figuren må gjerast gjeldande for trafikk som kjem på hovudvegen og skal inn på avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovudvegen)



Figur C.50: Siktkrav i avkjørsler

Tabell C.30 gir verdier for L2. Stoppsikt er gitt for den enkelte dimensjoneringsklasse.

Tabell C.30 Siktkrav i avkjørsler L2, [m]

Trafikk i avkjørsel	Fartsgrense [km/t]			
	30 og 40	50 og 60	80	90
ÅDT < 50	3	4	4	6
ÅDT > 50	4	6	6	8

NB! Verdiane av L2 i tabell gjeld berre nye avkjørsler og nye felt (Ny handbok 017 frå Mai 2008).
Vilkår frå gamal handbok 017 kan være gjeldande for nye avkjørsler i etablerte felt.

Fig.1. Skisse over avkjørsle. Skissa viser frisisiktsona for tofelts veg.

Beskriving av Fig.1:

Siktlengda L1 avgjerast ut i frå vegnormal gitt av Statens Vegvesen (jfr. Statens Vegvesen, handbok 017). L2 er avstand frå vegkant og inn i avkjørsla (bestemmes også ut frå vegnormalen). Siktområdet er det området ein får dersom ein trekker ein linje frå L2 til midtlinje i kjørebana (L1) som vist på figuren. Det er i det skraverte området (siktområdet) det er krav om at hinder ikkje er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Størrelsen på siktområdet variere avhengig av lengda til L1 og om det er ein eller to felts veg.

LENGDEPROFIL

På dei første 2 m frå vegskulderkant skal avkjørsla ha eit fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 m skal avkjørsla ha ein maksimal stigning på 1:20 (5%) eller eit fall på 1:30 (3,3%). Deretter anbefalast det at vegen ikkje har eit større stigning/fall enn 1:8. Lengdeprofil er vist i figur 2.




Fig. 2. Skisse over lengdeprofil.

SVINGRADIUS




Fig.3. Skisser over avkjørsler for 1-3 bueningar.

Krava varierar ut i frå bruk og trafikkmengde på avkjørsla. Det kan byggast fleire typar avkjørsler. Avkjørsle til bustadområde, industriområde og serviceanlegg utformast som kryss. Den mest brukte avkjørsla er den med T-form. Utføringa til avkjørsla avheng av tomte sin størrelse og utforming.

KRYSSING AV FORTAU

Ved kryssing av fortau skal kantstein nedsenkast til 5 cm. Bakkant av fortau skal ha gjennomgåande høgde.




Fig.6. Skisse over avkjørsle over fortau. Svingradius R avheng av tal på bustadeiningar.

INNRETNING AV SNUPLASS

Dersom avkjørsle er tilkomst til garasje, forretning eller driftsbygning eller regelmessig nyttast til bilkjøring skal det innrettast snuplass på eigen grunn.

VEDLIKEHALDSANSVAR

Avkjørsla med tilhørande siktområde, rør eller stikkrenner skal vedlikehaldes av grunneigar eller brukar, uavhengig av kven som har bygd eller påkosta avkjørsla.